

Vedtekter Kvinnherad Næringssservice

§ 1. Organisasjon

Kvinnherad Næringssservice er ein sjølvstendig organisasjon oppretta av næringslivet i Kvinnherad kommune. Innan organisasjonen kan det opprettast bransjegrupper.

§ 2. Føremål

Kvinnherad Næringssservice skal bidra til næringsutvikling i kommunen og vera:

- kommunen sitt rådgjevande organ i næringslivssaker
- idéskapande, ta initiativ og koordinere tiltaksarbeid/næringsutvikling
- samarbeidsplattform mellom næringsinteressene i Kvinnherad, samt marknadsføra næringslivet og kommunen utad.
- tett på medlemmane og leggja til rette for bedriftsbesøk både til medlemmar og nyetablerte selskap.
- naturleg plattform for både etablert næringsliv og nyetablerte, samt nettverksbygging.
- bindeleddet mellom medlemsbedrifter og næringssejef/Kvinnherad Kommune. Vi skal koma med innspel til politiske saker som vedkjem næringslivet og skal på vegne av medlemsbedriftene gje råd til kommunale organ i næringslivssaker.
- tilretteleggande for relevante kurs og utdanning.

KNS skal i samarbeid med næringslivet og kommunen bidra til å skapa ny aktivitet ved å aktivt søkja, finna og formidla nye arbeidsplassar, skapa optimisme og framtidstru. Herunder ta initiativ, vera søkjande instans og ta eigarskap til prosjekt som kan bidra til næringsutvikling.

§ 3. Medlemskap

Bedrifter, foreiningar, organisasjonar, offentlege og private institusjonar – herunder skular og einskildpersonar kan vera medlemmar i Kvinnherad Næringssservice etter styret si godkjenning.

§ 4. Finansiering

Finansieringa skal skje ved medlemspengar, kommunale og andre offentlege tilskot, private bidrag og andre inntektsbringande aktivitetar. Finansiering av spesielle einskildtiltak skal godkjennast av styret.

§ 5. Styringsorgan

Kvinnherad Næringssservice sine styringsorgan er:

1. Årsmøtet
2. Styret

§ 6. Årsmøtet

Årsmøtet skal heldast innan utgangen av juni månad. Det skal kallast inn til årsmøtet med annonse i lokalpressa og med minst 14 dagars varsel. Årsmelding, revidert rekneskap og budsjettforslag for inneverande år, saman med sakliste, skal sendast medlemmane seinast ei veke før møtet. Årsmøtet skal leiast av leiaren i styret, eller når han/ho har fråvere, nestleiaren. Det skal førast protokoll frå årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama følgjande saker:

1. Årsmelding
2. Rekneskap og balanse, disponering av overskot eller dekning av underskot ihht. fastsett balanse.
3. Budsjett og medlemspengar.
4. Innkomne saker.
5. Val av:
 - a. Styremedlemer
 - b. Varamedlemer
 - c. Valkomité for 1 år, 3 medlemer
 - d. Revisor

Saker som skal handsamast av årsmøtet må vera innkomne til styret seinast 14 dagar før årsmøtet. Framlegg til vedtektsendringar må sendast inn seinast 15. februar. Berre medlemmer har stemmerett. Kwart medlem har ei stemme. Ekstraordinært årsmøte kan innkallast av styret på fleirtalet i styret ynskjer det, eller dersom det føreligg skriftleg krav om det frå revisor. Det skal førast protokoll over årsmøtedeltakarane.

§ 7. Styret

Styret skal vera samansett av opptil 7 medlemer. Alle skal veljast av Årsmøtet. Styrets leiar skal veljast av Årsmøtet ved separate val for eit år av gongen. Valperioden for styremedlemmer er 2 år, likevel slik at halvparten av medlemmane første gong vert oppnemnt for 1 år. Ved samansetjing av styret skal det takast omsyn til den bransjemessige samansetjinga blant medlemmene.

Ordføraren og kommunedirektør/nærings sjef i Kvinnherad kommune møter som observatør med tale og forslagsrett.

Styret skal halda minimum kvartalsvise styremøter eller når styreleiar finn det naudsynt eller 2 styremedlemmer krev det. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmene er til stade. Der anna ikkje framgår av organisasjonen sine vedtekter, har styret besluttande og bevilgande myndigheit på vegne av organisasjonen.

Styrearbeid skal kompenseras etter satsar, vedtatt på årsmøtet.

§ 8. Styrets arbeid

Styret skal leia, førestå og føra tilsyn med organisasjonens verksemd. Styret har mellom anna ansvar for følgjande:

- At det i tillegg til rekneskap og årsmelding, vert utarbeidd strategi for
- organisasjonen og årlege handlingsplanar og budsjett
- Tilsetja dagleg leiar og utarbeida evt. stillingsinstruks
- Definerer kva for oppgåver den daglege leiinga/administrasjonen skal ivareta
- på vegne av styret
- Samordna arbeidet med andre institusjonar og organisasjonar som arbeidar
- på tilgrensande område
- Oppretta utval/arbeidsgrupper for bestemte prosjekt og fagområde
- Inngå avtalar om sal av tenester til andre selskap og organisasjonar

§ 9. Administrasjonen

Administrasjonen skal kunna bestå av næringslos og sekretær/prosjektkoordinator. Næringslosen er sekretær for styret og møter i styret med tale- og forslagsrett. Næringslos er dagleg leiar og koordinerer arbeidet i administrasjonen.

Administrasjonen sine oppgåver:

- Stå for den daglege leiinga av Kvinnherad Næringssservice.
- Førebu og føre protokoll frå årsmøte og styremøte. Møtereferat/protokoll skal signerast.
- Handsame saker som blir oversendt frå medlemmer, styre og årsmøtet.
- Setja i gang prosjekt og arbeid som er forankra i styret.
- Gje råd til kommunale organ i næringslivssaker.
- Samordne Kvinnherad Næringssservice og kommunen sine interesser for næringsutvikling.
- Vera idéskapar, ta initiativ og tilby hjelp og rådgjeving til medlemmane.
- Fremja budsjett / handlingsplaner og leggja fram dei naudsynte årsmøtepaper.
- Halde medlemmene og pressa orientert om verksemda gjennom årsmeldingar og særskilde meldingar.

§ 10. Valkomité

Avtroppande styremedlemar vert representantar for valkomité. Valkomité konstituerer seg sjølv.

§ 11. Forplikting av organisasjonen

Styrets leiar og eit styremedlem i fellesskap, eller dagleg leiar og eit styremedlem i fellesskap har signaturrett.

Dagleg leiar åleine eller styrets leiar åleine er tildelt prokura.

§ 12. Vedtektsendringar

Forslag til endringar i vedtektene skal setjast fram skriftleg til styret innan 15. februar. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte på årsmøtet som har stemmerett. Ved 2. gangs førehaving blir vedtektsendring gjort med simpelt fleirtal.

§ 13. Utmelding

Utmelding skal skje med skriftleg oppseiing til styret innan 4 månader før utgangen av kalenderåret forut for det år utmeldinga skal gjelda for.

§ 14. Oppløysing

Vedtak om oppløysing av organisasjonar krev 2/3 fleirtal av medlemmane sine stemmer. Vert ikkje dette oppnådd, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte der oppløysing kan vedtakast med 2/3 fleirtal av dei frammøtte som har stemmerett. Dersom det vert vedteke at Kvinnherad Næringssservice skal oppløysast, skal dei midlane som er til rådvelde tilfalla Kvinnherad kommune og disponerast til tiltak som kjem inn under § 2.